

ÅRSFORTELJING FOR 2009

Denne årsforteljinga liknar veldig på ei årsmelding. Den er frå interimstyret for Livivinje. Interimstyret er :

Britt Rønningen, Eric Christenson, Aasmund og Ellen Nordstoga har dela på ein plass, Anders Sandvik og Anne T.Romtveit

Det var ei gong ei bygd som var utan forretning, ja ikkje berre *ei* bygd, men ein heil skulekrins blei forutan bu 1. februar i fjor. Handelslekkasje hadde me drive med lenge, så me ville vel ikkje anna hava, meinte some.... Hell, ville me det? Og færre elevar på Vinje skule, det er heller ikkje noko godt teikn for å halde liv i grendene om skulen skulle bli nedlagt.

Det er snart eit år sidan det kom lysing i Vest Telemark Blad om at Vinje Oppvekstsenter, Mogane grendelag, Smørklepp grendelag og Vinje grendelag baud inn til mobilisering på Vinjar 5.mars kl 19. Der ville det bli program ved elevar frå Vinje skule, Arne Vinje og folk frå administrasjonen i Vinje kommune, Musikk ved Sonja, Ingvild og Anders. Kaffe og kake.

Og folka strøymde til, det rykte til i grasrota, me vil liva hera, ikkje daude på rot!! Me skreiv oss på lister, ville køyre traktor og sjaue, drive med musikk, kor og dans, bruke dei felles husa våre, ja me ville litt av kvart, trimme og ikkje minst eta middag, kvar måndag ville me eta middag, og det i hop med mange ja, fleire og fleire.

Fyrste måndagsmiddagen var den 23.mars og burtsett frå litt påskepause, så åt me til 15.juni for då måtte håndverkslaget bruke matsalen til ein del av sommarutstillinga.

Men me ville eta meir og dura i veg att den 7.september då var det fleire som lura på om me aldri skulle i gang att ? Så åt me til 16.nov for då måtte me ut att av matsalen då der skulle leggest nytt golvbelegg. Men me sette `kon til å eta att måndag 7.januar og det held me på med..... I alt heve det bli arrangera 28 måndagsmiddagar. Der var 50 personar fyrste gong, i blant hev

det vori oppi 70 personar, og no seiste måndagen var det 65.

2

Og Vinjar, dette store huset som har stae her i 50 år, og som hev blivi bruka alt for liti dei seiste åra. Vinjar stod der klart til å taka i mot, måtte berre pusse seg litt ekstra. Tidlegare var loftet rydda og kjøkkenet renovera. I 2009 stod matsalen for tur med måling, nye glas, golvbelegg, og nye toalett uti gangen. Og i salen nye glas på eine sida, nytt ventilasjonsanlegg og sceneteppet. Baktepi til scena manglar enno og nye glas i salen på sida mot vatnet. Men utvendig er og heile Storstoga vår nymåla. Det lovar godt! Eit nyrenovera hus til bruk for heile krinsen!

Og alle som bur i heile krinsen har fenge tilsendt eit brev frå oss i interimstyret i slutten av november, eit Bygdebrev. Det var mest som ei årsmelding fram til då. Der er det skrive om kva som var gjort i Liv i Vinje, og litt om kva som har skjedd elles i bygdi. Eg visar til det og tenkjer ikkje å taka med att alt som er nemnt der no.

Viktig er det å få med at Vinje kommune har sagt ja til å støtte eit prosjekt i Vinje skulekrins på 3 år med ein prosjektleiar i 60-80% stilling. Stillinga har vore utlyst av Livivinje og Silje Hegg er tilsett i stillinga som prosjektleiar. Så der var me heldige! Og det tyder at Livivinje hev blivi arbeidsgjevar.

Det er ikkje avgjort kvar kontoret hennes blir endå, men trulegvis blir det her på skulen. Me ynskjer og at ho skal busette seg i denne skulekrinsen, men får sjå korleis det kan passe.

Me 5 som har styrt med mobiliseringsarbeidet fram til no, har heile tida hatt som leiesnor at me skal ikkje vera i staden for noko grendelag, men eit tillegg. Det er viktig at Livivinje ikkje tek over for grendelaga. Dei gjere mykje godt i grendene og det ynskjer vi å støtte opp om, men ikkje overta.

Eit prosjekt må drivast formelt rektig. Me 5 er godkjende i Brønnysundregistret til å leie liv i Vinje, som eit interimstyre.

Formålsparagrafen lyder slik:

Liv i Vinje er ein samanslutnad som arbeider for auka trivnad og livskvalitet for dei som bur i Vinje skulekrins. Liv i Vinje arbeider og for å auke folketalet og sikre elevgrunnlaget for Vinje oppvekstsenter i framtida. Ved bruk av ulike virkemiddel skal samanslutnaden legge tilrette for opparbeiding av nye tomter, ny busetnad og rørsle i ein sovande bustadmarknad.

Liv i Vinje hev arbeidd fram **eigne vedtekter** og hev eige **organisasjonsnummer**.

Interimstyret har hatt **11 møte i alt**.

Dei 3 grendelaga samarbeidde om **Jonsokfeiringa** i sommar.

Det var så vellukka at me håpar det blir årvisst!

Folk frå **Traktor- og sjauegjengen** har blant anna vore i storsving med tømmeret til den nye Smørkleppbrua.

Litt-av-kvart-gjengen har blant anna stelt til salen her i kveld og ordna med kaffe/te og kaker.

I morgon skal det starte opp **ballett her på huset, og pilates**.

Det er nyhende i denne delen av Vinje, i allefall! Og det lovar godt for meir Liv i Vinje!

Denne årsforteljinga opna med å rø om ei stengd bu. Men me er så heldige at me kan avslutte årsforteljinga med at dei dynnane opna att i haust. Ikkje med dei vareslaga som me var vani med på Bøgrend Handel, men med gardsmat og ymist anna. Dynnane er opne i helgjene og det er ein god start!

No stend me på startsreken til ein prosjektperiode på 3 år. Og det for vår skulekrins! Me æ slyheldige! Dette må me nytte godt, og kjenne `kos besøkelsestid!

Vinje, 10. Februar 2010 **Anne T.Romtveit**

